

## Lærarrettleiing trinn 3

Det er fleire måtar å teste hypotesar på. Intervju, spørjeskjema, observasjon, forsøk og informasjonssøk er undersøkingar som ofte blir brukte i eit Nysgjerrigper-prosjekt. Mange reiser på ekskursjonar for å finne ut meir, eller spør forskarar og andre fagfolk.

Bruk tid saman med elevane til å tenkje gjennom kva type informasjon de treng og kva undersøkingar som eignar seg best.

### Nyttige førebuingar

Før elevane skal ut i felt og utføre eksperiment, telje, måle, fotografere, observere, snakke med andre, spørje og grave, kan det vere nyttig å trene litt i forkant.

- **Skal elevane gjere forsøk eller eksperiment?** Gå gjennom dei ulike faktorane som kan påverke forsøket, slik som utstyr og måleteknikkar.
- **Skal elevane ringje til nokon?** Øv på å gjennomføre ein telefonsamtale, til dømes det å presentere seg og å forklare kva ein vil.
- **Skal elevane intervju nokon?** Øv på å intervju kvarandre. Ta ein ekstra sjekk av opptaksutstyr eller øv på å notere frå eit intervju.
- **Skal elevane sende brev eller e-post?** Lær korleis ein skriv slike førespurnader, formelle eller uformelle.
- **Skal elevane observere?** Lag observasjonsskjema og tren på å bruke det.

← Tilbake

Neste →

PUBLISERT 06 NOV. 2023

DEL | LAST NED

Meldinger ved utskriftstidspunkt 10 april 2025, 19:43 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.